

# MØTEBOK

<b>Kommune</b>	<b>Styre, råd, utval</b>	<b>Møtestad</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Frå kl. 19.30 Til kl. 21.30</b>
Aurland	Fjellstyret	Fjordsenteret	31.1.23	

## TIL STADES PÅ MØTET

**Medlemar** Sigurd Vikesland, Erling Nesbø, May Brittt Martinsen, Leif Turlid, Tor Olav Kvam.

**Vara-  
medlemar**

**Andre** Håkon Øydvin, Knut Fredrik Øi, Harald Skjerdal.

## HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

1/23, 2/23, 3/23, 4/23.

## UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

## UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 31.1.23

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 1/23. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker vart refererte:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 7. desember
- 2) 16.12.22: Melding om ekstra tilskot frå Norges fjellstyresamband til gjennomføring av fiskedagar 2022.
- 3) 15.12.22: Vedtak i kommunestyret – Kommunale retningslinjer for handsaming av søknader om løyve til motorferdsle i utmark og på islagde vassdrag.
- 4) 20.12.22: Knut Fredrik har søkt om, og fått, permisjon frå 50 % av stillinga si i januar-februar-mars 2023.
- 5) 10.1.23: Tre søknader frå Aurland fjellstyre på tilskot frå Miljødirektoratet utlyst gjennom Norges fjellstyresamband for 2023.
- 6) 13.1.23: E-post frå fjellstyret til ordførargruppa i Nordfjella v/Hans Petter Thorbjørnsen med spørsmål om det er aktuelt med vidareføring av regionalt arbeid med hjorteviltforvaltning i Nordfjellaregionen.
- 7) Fagsamling for fjelloppsynet, Stjørdal 25.-27.1.23.
- 8) HMS-kurs vinter for dei som utfører feltarbeid for SNO, Oppdal 1.-2. mars.  
**Merknad:** Det skal reknast på kostnad og ev kostnadsdekking for deltaking på dette, med tanke på kor mange frå oppsynet som vert påmelde..
- 9) Leiaren tok opp at det er ynskeleg med ei synfaring på Melahytta, i samband med at det er planlagt og budsjettert med kostnader til større vedlikehaldstiltak der i år. Han føreslo at fjellstyret tek ei slik synfaring rett etter påske, kombinert med fjellstyremøte.
- 10) Det er søkt om tilskot frå grunneigarfondet i Statskog SF til vøling av kaien i Nordheimsdalen (utskifting av dekke).

---

Aurland, den 1.2.23

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og  
-varamedlemene

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 31.1.23

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 2/23. Fjellstyrerekneskapen for 2022

Årsrekneskapen for 2022 låg føre. Den syner eit årsunderskot på kr 207.040.

**Samrøystes vedtak:**

Årsrekneskapen for 2022 vert godkjend.

### Sak 3/23. Fjellstyret si årsmelding for 2022

Årsmeldinga for 2022 låg føre.

**Handsaming i møtet:**

Eit par skrivefeil i årsmeldinga vart retta. Utanom dette var det ingen forslag til endringar.

**Samrøystes vedtak:**

Årsmeldinga for 2022 vert godkjend.

### Sak 4/23. Møteplan 1. halvår

**Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret legg opp til slik møteplan for 1. halvår:

- 21. mars
- Veke 15, 11.-15. april (må sjå an veret, med tanke på synfaring Melane)
- 9. mai (kan ev sløyfast viss det er få saker)
- 13. juni